Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: Jörgen Heggtveit

Gard: Heggtveit

(adresse): Meås

G.nr. 103 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja! / Men ord og talemåtar etter min far Halvor J. Heggtveit (1911)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Med eigi röynsle meiner eg det eg hev höyrt og samenlikna med andre gamle folk.

SVAR

1. Det og av å risa for kjyne, som dei sa, var myki bruka. Truleg det mest bruka av alt hjelpefor ved sida av mosen. Det vanlege or var risa, men og kalla beit. Det var no särleg some slag ris som var rekna for tars gode, björki skull vera den beste. Men når savjö ha kome i treet om våren, var det so myki harpeis i den spretten knuppe at kjyne lika det ikkje so godt.

2. Som nevnt kalla dei det å avå risa. Riset kjöyrde dei heim på ein tremeisledde.

3. Dei tok til i mars måna med å risa, men bruka det fyr og når dei tok ved heim til gards. Dei högge ned småbjörk med riset på. Ved sida av fjöset ha dei standande tvo stolpar med klauver* i övre ende. Der lag de dei ei råte yver og so reiste dei riset mot denne. Denne bukken var kalla for „Beitehesten". Brom var henta fyr lauvet spratt om våren.

4. Dei bruka skjyro (sigd no) hell ein lauvkniv til å karta kvistane med.

*(kluft.)

2138

Dei såg slik ut. 
skjerv. lauvkniv.

5: Det var særleg kjyne som fekk dette riset. Sau og gjeit fekk bar og skav. —— Med same kann fortelgjas at til sauerne kjöyrde dei heim små gråner som dei reiste upp inne i saugaren (og kalla stille:) Den kalla dei „saugråne“. Dei sa: „Nor må me av å henta saugråne“. ——— Av björkeriset var karta (kvista) dei minste kvistarne som ikkje var for grove. Desse var so borne inn i båsarne te

6. Det var som ovanfor nevnt at riset kjyn[e] var lagt av utanfor fjoset. Der dei ha „beitehest“ reist mot denne. Kjyne var og slept laus og gjekk ute og beit sjölve. Det var ei kjend sak å sleppa kjyne ut om vinteren for å drikka. Det var som regel ei „olle“ (vasskjelle) i nærleiken ell ein bekk, dit tok dei sprangen om vere var aldrig so surt. På denne måten slapp dei og lite å bera vatn der vassvegen var lang.

7. Det å reise te skogs „Langfredag var gjort. Ein skulde faste den dagen og lida litt sjölve og. Difor tok dei ut langfredags morgon te skogen og risa. Dette var gjort på mange staer heilt te kring 1850, då skikken gjekk av bruk.

2138
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING